



TELEMARK FYLKESKOMMUNE
Administrasjonen

22 JUN 2012

Ref.

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep

Vår ref. 12/2376-4
N21/JOPM

0030 OSLO

Dato 19.06.2012

MELDING OM VEDTAK - HØYHASTIGHETSUTREDNINGEN

Fylkestinget behandlet i møte 14.06.2012 sak 37/12.
Det ble gjort følgende vedtak:

Vedtak i Fylkestinget

Telemark fylkesting vedtar følgende uttale:

Telemark fylkeskommune ser på Høyhastighetsutredningen som eit godt grunnlag for ei framtidretta jernbanesatsing i Noreg, og er i hovudsak samd i dei hovudkonklusjonane som blir drege i denne.

Telemark fylkeskommune er samd i at IC-nettet bør vere utgangspunktet for vidare bygging av høgfartsbane. I ei vidare utbygging av høgfartsbanar vil det vere viktig å legge hovudvekt på tilrettelegging for eit utvida bu- og arbeidsmarknadsområde ved å korte inn reisetida mellom byområde og dermed oppnå ei forstørring av regionane. Prognosene tyder på ein sterk folkeauke dei næraste tiår, og ved ei utbygging med nemnde strategi vil det vere eit viktig grep at byområde som til dømes bybandet mellom Oslo-Stavanger kan vere attraktive i høve til å møte denne utviklinga. Det er viktig at det i dette høve vert lagt meir vekt på undervegstrafikken enn "ende til ende" trafikken.

Telemark fylkeskommune meiner at det ikkje er nokon strekning som imøtegår desse overordna omsyna på same måte som strekninga Drammen-Tønsberg-Porsgrunn-Kristiansand-Egersund-Stavanger, slik det òg vert peika på i konklusjonane i Høyhastighetsutredningen.

På grunnlag av utgreiinga har denne strekninga det klart høgste passasjergrunnlaget, og bind saman bybandet langs kysten frå Oslo til Stavanger slik at ein får utnytta tanken om regionforstørring med ein stor grad av undervegstrafikk.

Trafikkmønsteret på ein slik bane må ha både ekspressruter med få stopp og region/lokalruter som kan samanliknast med IC-tog for å ta vare på eit differensiert trafikkgrunnlag. Eit slikt ruteopplegg vil harmonere godt med ein hastighet på 250 km/t.

På strekninga Porsgrunn-Kristiansand-Egersund-Stavanger vil det vere samankoplinga av Vestfold- og Sørlandsbanen med utbygging av strekninga Porsgrunn-Broklandsheia som må vere fyrste utbyggingsparsell.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Telefaks	E-post	Internett
Postboks 2844 3702 SKIEN	Fylkesbakken 8-10 3715 SKIEN	35917000 35917491 (dir.)	35917001	post@t-fk.no	www.telemark-fk.no

Det vil redusere reisetida frå Oslo til Kristiansand med over ein time og vere ein god start på å kople regionala tettare saman. På denne strekninga er det i dag ikkje reelt mogleg å bruke jernbane som reisemiddel mellom Vestfold, Grenland og Agder.

På denne strekninga bør planarbeidet starte opp i fyrste del av komande NTP-periode og med anleggsstart i seiste del av perioden.


Telemark fylkeskommune vil òg peike på at det ved bygging av den såkalla Sørvestbanen vil føre til store forbetringar for den totale strekninga ved utbygginga av kvar enkelt parsell.

Telemark fylkeskommune ser det som viktig at det vert lagt til rette for meir overførsel av gods til bane ut frå omsyn til både klima og tryggleik.

Telemark fylkeskommune ser på utbygginga av IC-triangelet og ei vidareføring av høgfart på strekninga Porsgrunn-Kristiansand-Egersund-Stavanger som ei fyrste fase av eit framtidig høgfartsnett i Noreg. I den neste fasen meiner Telemark fylkeskommune at det vil vere interessant å satse på ein høgfartsbane over Haukeli.

Ein bør i ei vidare utgreiing av ein slik bane òg vurdere dei utgreiingar som er gjennomført i regi av Norsk Bane.

Med hilsen



Andreas Kjær
strategirådgiver
Avd. for Areal og Transport